

Husbrann på Ljosnes

31.01.2009



Naboar fortel at brannen starta i eller ved tilbygget til venstre på biletet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ved 19.30-tida laurdag kveld tok det til å brenna i eit eldre bustadhus på Ljosnes og det var full utrykning av brannroppane i Uskedalen og Rosendal. i tillegg til politi og ambulanse.



Ljosnes-huset vart påført store skadar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei kom raskt til staden, men etter at folk i nabolaget først forgjeves hadde freista å få bukt med flammene med brannsløkningsapparat.

Mykje tyder på at brannen starta i eit tilbygg i 1. etasje, men den hadde spreidd seg raskt oppunder taket.

Mannskapa fekk store problem med å skaffe seg herredømet over elden sjølv om dei skar seg gjennom tak og veggjar.

Skadene på huset er truleg så store at huset må betraktast som totalskadd.

Eigarane av huset var ikkje heime då det tok fyr.

Åleine heime var ei ung jente, som varsla naboar om brannen. Ho skal ikkje vera skada.

Av Ola Matti Mathisen



Slik var situasjonen då brannen var på det heftigaste laurdag kveld. (Foto: Grenda)